

# FAKTAARK

## Fredingsgjennomgangen i Rogaland

**I 2006 starta Riksantikvaren det landsdekkande prosjektet Fredingsgjennomgangen. Ved slutføringa av prosjektet i 2013 skal kvart fylke ha gjennomgått alle fredingsvedtak som vart gjort i perioden 1923-1979 og ha presisert omfanget av, formålet med og innhaldet i fredingane.**

Fredingsgjennomgangen i Rogaland omfattar i underkant av 40 bygningar fordelt på 21 anlegg. Til samanlikning omfattar prosjektet på landsbasis ca. 1900 bygningar fordelt på om lag 920 anlegg.

### EIT FYLKE MED MANGE LANDSKAP

Rogaland blir ofte omtalt som eit Noreg i miniatyr fordi det er så mangfaldig, også sett i eit landskapsperspektiv. Dalane-regionen sør i fylket er kjenneteikna av eit kupert landskap samtidig som ein her også finn eit værhardt kystlandskap. På Jæren dominerer dei store, flate jordbruksområda og langs Jær-kysten er det lange sandstrender. I nordvest, på Haugalandet møtest hav, øyar og fastland. Skjærgårdsaktig landskap i Boknafjorden møter fjordlandskapet i Ryfylke som fører inn til store skog- og fjellområde og vidare inn til vidder i dei austre delane av fylket.

Rogaland er det mest fornminnerike fylket i landet, noko som vitnar om menneskeleg påverknad av landskapet i fleire tusen år.

### BYGGJESKIKKEN

Grunnprinsippa for byggjeskikken i Rogaland føyer seg inn i ein større vestlandsk tradisjon – leinstovetradisjonen. Lemstova har ei særleg utbreiing i Rogaland og Hordaland mens grindbygget har vore vanlig i Rogaland og på heile Vestlandet elles. Jærhuset, som er fint tilpassa landskap og klima, er døme på ein bygningstype som er særigen for fylket.

Foto: Guro Skjelstad © Riksantikvaren



*Garborgheimen er eit døme på det karakteristiske jærhuset, og er eitt av svært få og godt bevarte representantar for denne hustypen.*

### Organiseringa av garden – tunstruktur

Fram til 1820-åra var det i Rogaland tunstrukturen frå mellomalderen som dominerte. Denne var kjenneteikna av at alle bruka på garden var samla på ein stad som i eit klyngetun. Klyngetunet utgjorde kjernen på garden og kvar familie hadde sine hus der, og sine teigar og utmarksområde spreidde utanfor.

Før jordskifta var teigblanding karakteristisk for jordbrukslandskapet på Vestlandet. Rundt 1820-åra gjekk ein i gang med storstilte jordskifte/utskiftingar, for å modernisere og effektivisere gardsdrifta. Då vart garden skilt ut i ulike bruk og hus vart fysisk flytta eller bygde nye på ein annan stad, då innanfor namnegarden sine grenser. Ein måtte måle opp landbruksarealet på ny slik at eigaren av det nye bruket, så godt det lot seg gjere, fekk tilsvarende mykje jord som han hadde før jordskiftet. Jæren var eitt av dei områda i Norge der prosessen med jordskifta tidlegast vart sett i gang.

### Grindbygget

Grindbygget er ein konstruksjonstype som ein finn att i løer, uthus og naust og som kan oppvise ein samanhengande byggetradisjon på meir enn 3500 år. Namnet kjem av grindkonstruksjonen, grindar, som står på tvers av bygningen

Riksantikvaren er direktorat for kulturminneforvaltning og er fagleg rådgjevar for Miljøverndepartementet i utviklinga av den statlege kulturminnepolitikken. Riksantikvaren har og ansvar for at den statlege kulturminnepolitikken blir gjennomført og har i denne samanheng eit overordna fagleg ansvar for det arbeidet fylkeskommunane og Sametinget har med kulturminne, kulturmiljø og landskap.



ROGALAND  
FYLKESKOMMUNE

og som vert haldne saman av langs- gåande stavlægjer. Sjølv om grind- konstruksjonen er den vanlegaste i denne typen bygg, finst her også innslag av laft. Til dømes var det i mange grindbygde løer ein eigen lafta kjerne for kyr. I nordaustre deler av fylket, innover i Ryfylkefjordane, finn ein også spreidde døme på naust og uthus som er bygde i rein laft. Det skil seg såleis med tradisjonen frå ytre delar av fylket der ein vanlegvis berre har bygd uthusbygningar i grind eller i kombinasjonen grind og laft.

#### Lemstova

Lemstova (*lem=loft*) var karakteristisk for 1800-talet. Dei fleste av desse husa har midtgang og symmetrisk fasade og er ei samanbygging av stove og bu innanfor ytterkledningen. Dei var oppførte i laftekonstruksjon, vanlegvis med liggande kledning ytst. Då fuktig klima lett fører til at treverk rotar, er det å ha ytterkledning på huset ein hensiktsmessig måte å enkelt få skifta ut røte treverk. Det symmetriske formspråket som midtgangshusa fekk har gitt opphavet til namnet "bygdeempire". Forløparen for desse midtgangshusa var det som på 1700-talet kan ha vore ei samanbygging av ei lågare røykstove og ei høgare bu med sengeloft, ein mindre og meir asymmetrisk hustype.

#### Jærhusa

På Jæren finst ein svært karakteristisk type bygg – jærhuset. Eigentleg høyrer jærhuset til den felles vestlandske lemstovetradisjonen. Det er likevel trekk ved desse husa som gjer dei særeigne. Husa har 1 ½ etasje, er tilpassa terrenget ved at dei ligg lågt og er vanlegvis plasserte nord/sør slik at ein unngår dei verste vindane i det opne landskapet. Dei to endeskutane er òg eit særeigne trekk. I vintermånadene vart dei fylt opp med torv og fungerte dermed som isolerande element.

#### Ryfylkehusa

I Ryfylke finn vi ein type hus som viser ein annan lokal byggetradisjon, ryfylkehuset, som vart vanleg utetter 1800-talet. Dette er òg symmetriske midtgangshus der ein har gang og kjøken i midten og stover på kvar side. Husa finst både med og utan midtark. I motsetnad til jærhusa hadde husa i Ryfylke òg ei andre høgde – lemen.

#### Byggjeskikk i byane

Stavanger er ein av mellomalderbyane i Noreg. Byen er òg Nord-Europas største samanhengande trehusby. På 1800-talet vaks byen sterkt på grunn av rikt sildefiske, men her finn ein ikkje dei store by- og leigegardane som er vanlege i dei andre norske storbyane. Ein valde heller å lage enkeltståande trehus med plass til to-tre familiar. Husa vart reiste mellom 1890 og 1920, hadde eit homogent preg og ein standard som i snitt låg over det som var tilfellet i dei andre byane. Husa er oppførte i laftekonstruksjon og er representert i mange ulike stilartar; sveitsarstil, jugendstil og ulike blandingsstilar.

Egersund vart godkjend som ladestad og fekk eit eige tolldistrikt, og dermed bystatus, i 1798. Byen var prega av tett trehusbebyggelse, men i 1843 brann to tredelar av byen ned. Han vart sidan bygd opp att etter nye ideal for byplanlegging; Den gamle, tette trehusbebyggelsen med små og tronge gater, som mange plassar var for smale til å køyre igjennom, vart erstatta av breie gater, rutenettmønster og hus i kvartalsstruktur.

Strandstaden Sandnes utvikla seg frå midten av 1800-talet med eit differensiert næringsliv, handel og industri. Det vaks fram bymessige bustader og i 1848 fekk staden status som by. Lik Stavanger og Egersund er òg Sandnes prega av trehus, i form av småskala bustadhus og bygardar. Mange av bygningane er bygd med rom for både bustad og næring.

Foto: Signe O. Råen © Riksantikvaren



Kolbeinstveit i Suldal med symmetrisk fasade i empirestil er eit døme på Ryfylkehus.

Foto: Guro Skjelstad © Riksantikvaren



Den gamle tollbod er den første tollboden i Stavanger og eit av få freda murhus.

Foto: Signe O. Råen © Riksantikvaren



Victoria hotell og Thorsenshuset til venstre er karakteristiske bygg i Strandgaten i Egersund.

Foto: Guro Skjelstad © Riksantikvaren



Nygårdsenhuset i Sandnes vart freda i 1941. Bygningen er eit døme på Sandnesempiren og har ein klassisk Sandnesportal.



## KVA VART FREDA OG KVIFOR?

Dei tidlegaste fredingane i Rogaland er frå 1923 og 1924. Dei vart innrapporterte til og gjennomgått av Den antikvariske bygningsnemnd, før dei vart vedtekne av Kyrkje- og Undervisningsdepartementet. Dei såkalla "innberetningene" er trykte i Fortidsminneforeninga si årbok frå 1926.

Typisk for fredingane i Rogaland før 1979 er at det for det meste er einskildbygg som er freda og ikkje større anlegg eller miljø. Det er i stor grad bygningar som representerer den bymessige historia frå 1750 til 1850, det er hus bygd av og for embetsmannstanden, som er representerte. Dei fleste av fredingane vart vedtekne i 1923 og 1924, men det finst også døme på fredingsvedtak som er seinare, i 1941, 1973 og 1974.

### Bygg for embetsmennene

Blant embetsmannshusa finst fire bustadhus for futar og lensmenn. Tre av desse vart freda i 1923; *Sandsgård* i Tysvær kommune, *Skeiane* i Sandnes og *Hauge* i Sokndal kommune. *Sandsgård* i Tysvær kommune vart oppført i 1777 av fogd Dahll. Hovudbygningen er eit sjeldan og godt bevart døme på norsk trehusarkitektur frå slutten av 1700-tallet. På lensmannsgarden *Hauge* i Sokndal kommune vart hovudbygningen freda. Namnet har huset fått etter lensmannsslekta Stuhoug. Den særreigne utforminga i eksteriøret og utsmykkinga i klassisistisk stil var òg ei viktig årsak til at huset vart freda.

*Fogdahuset Hana* i Sandnes kommune vart freda i 1924. Fogdahuset vart bygd i 1730-åra av futen Oluf Zacchariassen på Hanagarden. Hanagarden var ein stor og attraktiv jordbrukseigedom som vart nytta som bustad og tilhaldsstad for menn som lagmenn, amtmenn og futar.

Då Lov um bygningsfreding trådde i kraft i 1921 vart Den antikvariske bygningsnemnd oppnemnd av departementet. Det var lovfesta at nemnda skulle bestå av fem menn, der riksantikvaren var ein. Av dei andre medlemene skulle ein vere arkitekt, ein jurist og ein bygningskyndig. Nemnda besto inntil bygningsfredingslova vart erstatta av kulturminnelova i 1978.

### Bygningar i by og bynære område

I Strandgaten i Egersund vart to byhus vegg i vegg freda i 1923; *Thorsenhuset* og *Victoria hotell*. *Thorsenhuset* er eit godt døme på seinempirestilen som vaks fram rundt 1830-talet, og er ein karakteristisk bygning i Egersund sitt bybilet. *Victoria hotell* er oppført i 1840-åra i klassisistisk stil.

I Egersund vart *Skrivargården* freda i 1923. Bygningen har tidlegare fungert som sparebank. Ei viktig årsak til fredinga var det arkitektoniske uttrykket; ein empirebygning oppført i 1840-åra med eit herskapeleg preg.

To bustader i Sandnes vart freda som døme på arkitektur og utsmykking typisk for Sandnesområdet; *Nygårdshuset* og *Austråt nedre*. *Austråt nedre* vart freda i 1924 som døme på seinempirestilen, gjerne kalla Sandnesempiren.

### Lystgardane

Innanfor Stavanger by si grense fanst det i 1923 fleire opphavlege landgardar, den fremste av desse var *Ledaal*. Hovudbygningen vart freda i 1923 og var den fyrste teglbygningen i Stavanger. I 1941 vart lystgardsanlegget *Sølyst* i Stavanger freda. *Sølyst* hadde ein framtrekande rolle i byen sitt sosiale og kulturelle liv. Her var forfattern Alexander Kielland og søstera, målar Kitty Kielland, ofte på besøk.

Foto: Signe O. Råen © Riksantikvaren



*Skrivargården* i Egersund har detaljar som viser ein klar påverknad frå kontinentet.

Foto: Signe O. Råen © Riksantikvaren



*Konsul Fredrik Hansens hus* på Skagen i Stavanger. Hovudbygningen i rokokkostil har høg grad av autentisitet.

Foto: Signe O. Råen © Riksantikvaren



*Lauvaas nedre* i Sokndal vart freda i 1923 som døme på den karakteristiske byggestilen i Sokndal frå slutten av 1700-talet og tidleg på 1800-talet.

Foto: Signe O. Råen © Riksantikvaren



Den herskapelege hovudbygningen på *Ledaal* i Stavanger vart oppført av hoffagent Gabriel Schanche Kielland 1799-1801 som sommar- og festbustad.



### Personallistorie

I Rogaland finn vi òg døme på at historia om kjende personar har vore ei hovudårsak for fredingane.

*Garborgheimen* i Time kommune vart oppført i 1820-åra og freda i 1923. I vedtaket les vi «*Garborg. Arne Garborgs fødested*». *Garborgheimen* er òg eit døme på det karakteristiske jærhuset, og er eitt av svært få og godt bevarte representantar for denne hustypen.

*Haugvaldstadminne* i Stavanger vart freda i 1973. Her er det knytt ei personhistorie til bygningen i det Jon Haugvaldstad overtok eigedommen i 1834. John Haugvaldstad var ein leiande haugianar og ein framgangsrik forretningsmann i Stavanger i fyrste halvdel av 1800-talet.

### Andre einskildbygningar

Eit bygg som skil seg ut av dei freda bygga i Rogaland er *Gamle Tollbod* i Stavanger, freda i 1923. Bygget vart teikna av Christiania by sin Stadskonduktør Christian Grosch, og

oppført i 1840-åra som den fyrste tollboden i Stavanger by. Bygningen er oppført i streng seinempirestil i nøktern form og er og eitt av få murhus som vart freda. Eitt døme på at ein tidleg var oppteken av bygningane sitt interiør og inventar er *Løland* i Suldal kommune. Her vart ei bu (loft) freda i 1923 på grunn av dei flotte interiørdekorasjonane. Blant dei tidlege fredingane er det òg eit døme på ei lemstove, eit ryfylkehus; *Kolbeinstveit* i Suldal kommune. Bygningen frå 1850-åra vart freda i 1941. *Monsenhuset* frå 1700-talet i Sola kommune vart freda i 1923 mellom anna på grunn av bygningen si utforming. Huset er lågt og langstrakt, og er det største av dei freda profane bygningane i Rogaland.

### Freda anlegg

På 1920-talet vart det freda svært få heile anlegg, men det finst heldigvis nokre få. Sølyst er nemnt tidlegare. *Bekkelund* i Stavanger var eit av få bynære anlegg freda i 1923. Same år

vart *Konsul Frederik Hansens hus* på Skagen i Stavanger freda. Anlegget består av eit hovudbyggningskompleks, kontorbygning og eit sjøhus, oppført i åra 1720-1899.

Det siste anlegget freda etter den gamle bygningsfredingsloven i Rogaland er fjellgarden *Lid* i Suldal kommune. Dette det største av dei freda anlegga med 12 bygningar. Bygningane er oppførte på slutten av 1700- og tidleg 1800-talet, men er betydeleg eldre som typar.

### ERFARINGANE FRÅ FREDINGSGJENNOMGANGEN

I arbeidet med fredingsgjennomgangen har Rogaland fylkeskommune vore på synfaringar og gjort registreringar av dei freda husa. Den oppdaterte registreringa og den gode dialogen med eigarane vil vere eit godt grunnlag for det vidare samarbeidet om dei freda anlegga mellom eigaren, fylkeskommunen og Riksantikvaren.

*Lid* i Suldal kommune er ein typisk fjellgard, her skal det ha vore 111 små åkerlappar. Bygningane er oppført på slutten av 1700- og tidleg 1800-talet, men er betydeleg eldre som typar. Dei er særdeles godt bevarte både i eksteriør og interiør og har høg grad av autentisitet.